

Forslag til forskrift om område for obligatorisk opplæring i bruk av beltemotorsykkel (snøskuter) ved Robjørgane i Stryn kommune, Vestland fylke

Heimel: Fastsett av Statsforvaltaren i Vestland xx med heimel i lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag § 4a og forskrift 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag § 3 første ledd bokstav h.

§ 1. Virkeområde

Denne forskrifta fastset område i Vestland fylke for obligatorisk opplæring i førarkort klasse S, for bruk av beltemotorsykkel (snøskuter).

Den obligatoriske opplæringa i førarkort klasse S skal skje i samsvar med kapittel 14 i forskrift 1. oktober 2004 nr. 1339 om trafikkopplæring og førarprøve m.m. Førarkort i klasse S er definert i § 3-17 i forskrift 19. januar 2004 nr. 298 om førarkort m.m.

§ 2. Område for obligatorisk opplæring

Eit område ved Robjørgane i Stryn kommune er sett av til opplæring i førarkort klasse S for trinn 2, 3 og 4 i bruk av beltemotorsykkel (snøskuter).

Avgrensing av øvingsområdet går fram av vedlagde kart. Området er på om lag 1200 dekar. Vedlagde kart er ein del av denne forskrifta.

§ 3. Avgrensing som gjeld for området for øvingskøyning

Området kan nyttast til øvingskøyning etter reglane for opplæring til førarkort klasse S under kontroll av godkjent opplæringsinstitusjon. Opplæringa kan skje i tidsperioden 15. november til 25. april, med unntak for perioden frå og med 24. desember til og med 1. januar og fredag før palmehelg til og med 2. påskedag. Området kan nyttast alle verkedagar i gyldig periode. Helgebruk er tillate utanom eventuelle helger som grunneigarane før sesongen har bestemt skal vere utan køyning.

§ 4. Forbod

Praktisk opplæring i førarkort klasse S for bruk av beltemotorsykkel (snøskuter) i utmark er forbode i Vestland fylke utanfor det avsette området ved Robjørgane i Stryn kommune og i Holbygda i Voss herad.

Forbodet gjeld ikkje i område avsett til spesialområde for motorsport, motocross o.l. i reguleringsplan, og der dei utfyllande føresegnene til planen opnar for køyning med beltemotorsykkel (snøskuter) i Vestland. For slike område kan øvingskøyning i trinn 2 og delar av trinn 3 gjennomførast.

§ 5. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Kartvedlegg

UTKAST